

Referat frå styremøte i NNN 23.10.12

Desse møtte (telefonmøte): Doris Jorde, Liv Oddrun Voll, Frode Henanger, Merete Ø. Sortland

Forfall: Stig Misund, Ragnhild Lyngved, Per Ivar Kvammen

Sak 1: Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte

Innkalling og referat frå førre styremøte i NNN blei godkjent.

Sak 2: Årsmøtet i NNN

Sakene blei diskutert i ei anna rekkjefølgje enn dei står i innkallinga. Referatet skildrar sakene slik dei blei tatt opp på møtet.

Årsmøte i NNN blir i år under det nye Hell-seminaret, torsdag 15.11 kl 18:00.

Val til nytt styre i NNN

Stig Misund, Liv Oddrun Voll, Ragnhild Lyngved og Merete Ø. Sortland er på val.

Liv Oddrun har sagt ja til ein ny periode på tre år som styremedlem og kasserar.

Merete har sagt ja til eit nytt år som leiar av NNN.

Forslag til kandidatar til styret blei diskutert. Doris la vekt på kor viktig det var å få med ein representant frå universitetssektoren.

Forslag frå universitetssektoren:

- Alex Strømme, NTNU
- Tom Klepaker, UiB

Forslag frå høgskulesektoren, underviser både grunnskulelærar og førskulelærar

- Anne Hammer, HiB

Sak 3: NNN og økonomi

NNN har pr. dags dato kr 212 524,- på bok. Desse midlane bør koma medlemmane og arbeidet i NNN til gode på ein god måte.

Reisestipend

Etter oppdrag frå årsmøte i NNN i fjor, blei styret i NNN bedt om å utarbeide retningslinjer for medlemmane for å søkje støtte til nettverksmøte. Desse nettverksmøta kjem så langt ein veit no til å bli arrangert av Naturfagsenteret, og då vil opphaldet vera dekkja der i frå. Vidare så arrangerer Naturfagsenteret seminar der flinke folk kjem til Noreg. Desse seminara er gratis.

Styret i NNN har vedtatt å lyse ut 5 reisestipend á 3000 kr som medlemmar i NNN kan søkje på for å delta på nettverksmøte og/eller seminar i regi av Naturfagsenteret.

Stipendet blir delt ut etter prinsippet

- Første person til mølla
- Ein person kan få eit stipend pr år.

Visst det viser seg at desse retningslinjene ikkje er tenlege, vil dei bli revidert.

Bokgåve til medlemmane

Det kom inn eit forslag om å bruke midlar til bokgåve til medlemmane. Det blei nedstemt.

Representasjon av NNN på konferansar

NNN skal igjen bli flinkare til å delta på sentrale konferansar for å jobbe aktivt for naturfaget. Utgiftene til desse konferansane blir dekkja av NNN. Doris har tatt på seg ansvaret for å halda styret orientert om kor det er aktuelt for NNN å reisa. Deltaking vil gå på omgang i styret, og styrerepresentanten er pliktig til å skriva eit referat som blir sendt ut på e-postlista til NNN.

Sak 4: Medlemsskap i NNN

Kasserar Liv Oddrun orienterte styret om at det er fleire institusjonar som ikkje har betalt medlemsavgift til NNN, men som likevel står på e-postlista. Frode og Liv Oddrun går igjennom lista og varslar institusjonar om at dei blir sletta visst ikkje abonnementet blir betalt. Det var ein diskusjon om kor mykje dei store universiteta skal betala. Etter å ha snakka litt rundt det, viser det seg at det er få medlemmar ved det største universitet, og at det ikkje er naturleg at institusjonar som Universitetet i Oslo (UiO) skal betala meir enn andre institusjonar. Institutt for læring og skoleutvikling (ILS) ved UiO er i dag ikkje medlem av NNN. Doris skal ta dette opp med Ketil Mathiassen ved ILS. I tillegg til ILS er det fleire institusjonar som ikkje er medlemmar i dag. Styret vil ta kontakt med desse så langt som rå er under Hell-seminaret.

Sak 5: Gåver til styremedlemmer som går ut

Liv Oddrun tar på seg å kjøpa gåver til styremedlemmar som gjekk ut av styret i fjor og i år. Merete held kontakt med valkomiteen og orienterer Liv Oddrun om kor mange det blir.

Oppfølging av tidlegare sak: Undersøking av tildelte ressursar til undervisning i naturfag og andre relaterte spørsmål

Frode har tatt på seg å gjera ei undersøking om tildelte ressursar til naturfag og andre relaterte spørsmål. Han la fram eit forslag til spørsmål til ei slik undersøking. Alle var einige om at spørjeskjemaet burde ikkje bli for komplisert for å unngå låg svarprosent. Kartlegging av tilsette, stillingar, forskning og kompetanse var føreslått fjerna sidan det blei gjort ei undersøking på dette for ei tid sidan. Det blei føreslått å leggja til eit punkt som gjekk på omfang av etter- og vidareutdanning (EVU) i naturfag ved dei ulike medlemsinstitusjonane. I tillegg til omfanget av EVU i dag, så var det ynskje om å få vita noko om kapasitet til å halda slike kurs. Den er vanskeleg å seia noko om sidan den varierer i forhold til talet på kurs ein har. Årsmøtet i 2010 viste at miljøet i naturfag ynskjer EVU. Dette er undervisning med hovudsakleg svært motiverte studentar, og bidrar til å heva kvaliteten på oss lærarutdannarar. Det er viktig å satsa på etterutdanning som går over ein tidsperiode. Frode lagar eit utgangspunkt for spørjeskjema som han sender styret innan få dagar. Etter godkjenning frå styret sendar han det ut til alle medlemmane. Han føl undersøkinga opp, og legg fram resultatata under årsmøtet til NNN.

Ymse: Rammeplanar for lektorutdanning og PPU 8-13

Matematikkmiljøet ved UiO og NTNU har skriva nokre synspunkt i forhold til forskrift for rammeplanar for lektorutdanning og PPU 8-13. Skal me i naturfagmiljøet gjera tilsvarande? Dette ynskjer me å diskutera under Hell-seminaret. Doris har fått tilating i frå Kristian Ranestad, UiO, Marius Irgens, NTNU og Torgeir Onstad, UiO til å dela deira synspunkt på nemnte forskrift med naturfagmiljøet i Noreg. Merete sender desse synspunkta til NNN sine medlemmar slik at ein har desse som utgangspunkt for ein diskusjon på Hell.

Stord, 23.10.12

Merete Ø. Sortland

Ref.